



**Det er tysdag 20. oktober klokka 19 det vert halde folkemøte i Aktivitetshuset i Uskedalen om situasjonen for og opprusting av Rosendal Ungdomsskule. Det er bygdelaga i området frå Uskedalen til Mauranger som står som innbydarar og alle gruppene i kommunestyret er invitert til møtet. Der skal dei svara på kva haldning dei har til spørsmålet om å løyva pengar til opprusting.**

Til grunn for møtet ligg eit ope brev til politikarane som oppsummerte saka slik:

' Helsegodkjenninga til Rosendal Ungdomsskule er trekt tilbake. Etter mange år der elevane har slite med hovudverk, konsentrasjonsproblem, allergiplager, vantrivnad og redusert læringsutbyte har no også helsestyresmaktene sannkjenna det: Bygget er helsefarleg og det er ikkje forsvarleg å driva skule der. Dette har tilsette, elevar og foreldre visst lenge, og kommunen har no halde dei for narr lenge nok'.

I brevet heitte det at opprustinga må ta til seinast sommaren 2010 og vera ferdig i 2011. For at dette skal kunne gjennomførast må det avsetjast pengar på budsjettet for dei to åra.

FAU ved skulen stilte for snart eitt år sidan fleire spørsmål til ordføraren utan å få svar. Dei har framleis ikkje fått svar og gjentek difor spørsmåla i eit nytt brev til ordføraren:

- \* I kva grad har Kvinnherad nytta seg av tidlegare ordning med rentefrie lån til vedlikehald av skular?
- \* Kva vil Kvinnherad konkret gjera for å sikra seg noko av dei rentefrie låna etter den nye ordninga som trer i kraft frå 2009?
- \* Korleis og kor tid er vedlikehaldet av ungdomsskulen planlagt finansiert?
- \* Kor tid skal arbeidet vera slutført?

Av Ola Matti Mathisen